



Subtrio - ei musikalsk oppleving på jazzkvelden på Dønhaug

Husnes Jazzklubb baud på konsert med Subtrio – ein gjeng med John Pål Indreberg på barytonsaksofon, Svein Folkvord på bass og Stein Inge Brækhus på trommer. Det vart ei topp musikalsk oppleving, og leiar Indreberg batt det heile saman med ein uforlikneleg humor – ein kunne gjerne gått berre for denne delen av underhaldninga aleine!

Rundt 45 tilhøyrarar hadde teke vegen til Dønhaug (passe fullt), og stemninga vart berre betre og betre. Dei tre musikanerane kunne instrumenta sine ut og inn, var utruleg godt samkøyrde, og synte ei speglede som slo svært godt an hjå dei frammøtte. Me fekk servert ein svært variert meny. Tradisjonell jazz, både gamalt og nytt, og i mange av nummera skein det tydeleg gjennom at saksofonisten verkeleg kunne – og elska norsk folkemusikk.

Han kunne starta heilt grunnleggande, slik at du mest hørde fela med forsingar og krusedullar, før han etter kvart kledde på stykket jazzklede under vegg, med utrulege variasjonar. Han meistra og kunsten å spela medan han pusta inn, slik at frasane kunne vera kor lange som helst. Det er ikkje så mange som meistrar denne kunsten.

Det er fort gjort å verta sitjande att med berre eit inntrykk av saksofonisten, men bassisten var utruleg god både som akkompagnatør og i soloane. Han fekk lokka fram svært så varierte tonar av instrumentet sitt. Brækhus på trommer var stødig og variert, og ga nett den rytmiske botnen som skulle til. Slagverk kan lett verta dominerande, men berre når det skulle vera slik, tok han leiinga i framføringane.

Musikanerane ga oss to timar med nyting og glede, og eg trur til og med me kunne tolt meir. Det er ein ting eg gjerne vil ha sagt: Ein vert imponert over den kontaktflata Husnes Jazzklubb har. Dei får alltid tak i musikaner som det er noko ekstra ved, både musikalsk og personleg. Eg har til no ikkje vorte skuffa på tilstellingar i deira regi, og eit tips: Har du høve, bør du ta deg ein tur når det er dei som ber inn!

Tekst: Svein Rimestad

Foto: Med løyve frå Husnes Jazzklubb
Nett: Kristian Bringedal